



Notat

Dato: 02.08.2018
Arkivsak: 2015/943-74
Saksbehandlar: hanglop1

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Selskapskontroll Hardanger AKS AS – statusrapport 30.07.2018

1. Bakgrunn

Viser til vedtak i kontrollutvalet 12. mars 2018 der det vart gjort fylgjande vedtak i PS 19/2018 «*Oppfølging – Selskapskontroll Hardanger AKS AS*»:

- Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner at det er lite tilfredstillande at Fylkesrådmannen enno ikkje har svart utfyllande på alle punkt i høve forbetningsarbeid på selskapskontroll av Hardanger AKS AS, nesten 1 ¼ år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.*
- Kontrollutvalet har forventning om at arbeidet er ferdig snarast, og ber om ny skriftleg utfyllande tilbakemelding på arbeidet når det gjeld punkt 2 og 3, seinast innan 06.08.2018. Tiltaka som er gjennomført må i tillegg dokumenterast.*

2. Gjennomgang av saka

Fylkesrådmannen vil innleiingsvis beklage at det har teke så lang tid å få følgja opp påpeikingane i selskapskontrollen av Hardanger AKS AS. Rapporten frå Deloitte sin selskapskontroll var, som kontrollutvalet kjenner til, klar i januar 2016, og lagt fram for fylkestinget 14.06.2016. På dette møtet gjorde fylkestinget fylgjande vedtak i PS 28/2016 «*Selskapskontroll av Hardanger AKS AS – Revisjonsrapport*»:

På bakgrunn av selskapskontroll av Hardanger AKS AS ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

- Setje i verk tiltak i tråd med dei 5 tilrådingane frå Deloitte som går fram av punkt 9 i rapporten.*
- Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Dei fem tilrådingane frå Deloitte var knytt til fylgjande tiltak:

- Vurderer å stille krav til styra om å gjennomføre styreevalueringar, kompetansevurderingar, utarbeide årleg plan, styreinstruks og instruks for dagleg leiar.*
- Vurderer å sende fylkeskommunen si eigarmelding og eigarstrategiar til selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, slik at fylkeskommunen sine rutinar for eigarstyring er kjent for selskapa.*
- Vurderer å slutta seg til eigarstrategien til Kvam herad.*
- Sørger for at krava i den generelle avtalen som er inngått mellom Hordaland fylkeskommunen og Hardanger AKS blir etterlevd. Under dette sørge for at det blir inngått elevkontraktar mellom skulen og selskapet, og at selskapet dokumenterer eleven sin arbeidspraksis i tilstrekkeleg grad før fylkeskommunen betaler for praksisplassen.*
- Formaliserer forventingar og krav til selskapet vedrørande oppfølging av elevane og korleis selskapet skal rapportere til skulen om til dømes manglande oppmøte og liknande.*

Punkt 4 og 5 er tidlegare sjekka ut av kontrollutvalet. Punkt 1, 2 og 3 heng delvis saman så statusrapporten er knytt til alle desse punkta.

3. Styreevaluering, kompetansevurdering, årleg plan, styreinstruks og instruks for dagleg leiar.

I fylgje aksjelova § 6-23 er det styret sjølv som skal fastsetja årleg plan og styreinstruks som gir nærare reglar for styret sitt arbeid og sakshandsaming. Styreinstruksen skal også innehalda instruks for dagleg leiar sine arbeidsoppgåver og plikter overfor styret. Som ein ledd i styret sitt arbeid skal det også gjerast vurderingar om styremedlemmene har den kompetanse som selskapet treng.

Eit styreverv i eit aksjeselskap er personleg, og medlemmene i styret skal ivareta selskapet sine interesser og ikkje særinteresser for aksjonærene. Eigarane har heller ikkje, utanom på generalforsamlinga, rett til innsyn eller opplysningar om aktiviteten i selskapet. Som eigar i Hardanger AKS AS kan Hordaland fylkeskommune formelt berre ta avgjerder på den årlege generalforsamlinga.

Hovudårsaka til at det har tatt lang tid å følgja opp desse tiltaka er fylkestinget sitt vedtak i «PS 20/2017 Eigarskapsmelding 2017» den 8. mars 2017. Der kom det eit oversendingsforslag som endra føresetnaden for oppfølginga av Hardanger AKS:

«Fylkestinget ber om sak vedrørende Hordaland fylkeskommune sin eigarstrategi. Det vert oppretta ei politisk arbeidsgruppe i saksførebuinga (f.eks. gruppelaiarane). Fylkestinget ber fylkesrådmannen utarbeide malar for styreinstruks, eigenevaluering i styret og eigarskapsstrategi for selskap. Malane bør nyttast i selskap fylkeskommunen eig og styrene vil verta oppmoda til å ta i bruk malane så snart som råd.»

Oversendingsforslaget gjorde det naturleg å utsetja Hordaland fylkeskommune sine krav til styret om styreevalueringar, kompetansevurderingar, utarbeiding av årleg plan, styreinstruks og instruks for dagleg leiar til den politiska arbeidsgruppa hadde slutført sitt arbeid. Dette skjedde då fylkestinget vedtok «PS 119/2017 Eigarstrategi – overordna strategi for Hordaland fylkeskommunes eigarstyring» 13. desember 2017. Etter dette vedtaket kunne fylkesrådmannen følgja opp tiltaket med informasjon til Hardanger AKS AS, og gjennom Hordaland fylkeskommune si deltaking på den ordinære generalforsamlinga.

På den ordinære generalforsamlinga i selskapet 16. mai 2018, der Hordaland fylkeskommune var representert ved Mona Røsvik Strømme, vart det derimot gjort følgjande protokolltilførsel i sak 3/18 (protokollen er vedlagt):

Hordaland fylkeskommune v/Mona Røsvik Strømme stilte spørsmål til styrets leder om bedriften nå har «instruks for styret», samt «styrets egenevaluering» på plass. Styrets leder kunne bekrefte at dette er i orden.

4. Eigarmelding, eigarstrategiar og rutinar for eigarstyring

Hardanger AKS AS er informert om, og har vore involvert i, Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med ny eigarmelding og eigarstrategi. Dette skjedde mellom anna på eit møte med arbeidsmarknadsbedriftene (Kveik AS, Opero AS, Beredt AS, Gløde AS og Hardanger AKS AS) den 17. august 2017.

Det er fleire eigarar i Hardanger AKS AS, og Hordaland fylkeskommune er minoritetsaksjonær. Hovudaksjonær er Kvam herad, som eig 45,5 % av selskapet. Eit av tiltaka i tilrådinga frå Deloitte er å slutta seg til eigarstrategien til Kvam herad. Etter å ha utsett saka fleire gongar, vedtok Kvam herad ny eigarstrategi knytt til Hardanger AKS AS 8. mai 2018.

Eigarstrategien, som er vedlagt, gjeld for 2018 og 2019. Under er utdrag frå nokre av hovudpunkta knytt til eigarskapen i Hardanger AKS AS:

Føremål og overordna rammer

- a) Kvam herad ynskjer å vera med å styra utviklinga i Hardanger AKS as (Hardanger AKS) fordi selskapet er ei viktig verksemd for heradet.

- b) Verksemda skal gje innbyggjarar som treng tilpassa arbeidsplassar eit godt og meningsfylt tilbod. Verksemda skal vera ei bru over til arbeidslivet slik at flest mogelege kan ha eit godt arbeid til glede og nytte for seg sjølv og samfunnet.
- c) Hardanger AKS skal ha ei demokratisk forankring i eigarkommunane.
- d) Hardanger AKS skal vera sikra nødvendige verkemiddel og legitimitet for å kunna utføra sitt oppdrag.

Andre resultatmål

- godt omdøme
- miljøfremjande tenester
- nøgde kundar
- drift i balanse
- tilstrekkeleg likviditet
- vareta eigenkapital
- Kvam herad ynskjer at soliditetsgraden (eigenkapital/totalkapital) på lang sikt skal vera over 20%.
- Verksemda skal ha låg risiko og utvikling av selskap og aktivitetar skal skje under eit langsiktig perspektiv.
- At tilbodet av tiltaksplassar held god kvalitet, at talet på plassar er tilstrekkeleg tilpassa etterspurnaden, og at plassane samsvarer med brukarane sine behov.
- Driva målretta kvalifisering og tilpassa tilbodet til endra behov i arbeidsmarknaden.
- Sikra at tiltaka som er av meir varig og skjerma karakter gjev meningsfull sysselsetting for tiltaksdeltakarane.
- Leggja til retta for at deltakarane har store deler av sin arbeidspraksis hjå eller i nær tilknytning til ordinære verksemdar innan privat og offentleg arbeidsmarknad. For å gje realistisk arbeidstrening og auka sjansane for at fleire kjem seg ut i ordinært arbeid.
- Jobba for at flest mogleg skal få sjansen til å koma i arbeid og bli inkludert i arbeidslivet.
- Medverka til at sosiale ordningar motiverer og bidrar til sjølvhjelp.
- Satsa på aktive kvalifiseringstiltak, bl.a. for å få langtidsmottakarar av sosialhjelp over i arbeid.
- Inngå forpliktande samarbeid med dei andre tiltaksarrangørane der Kvam herad er medeigar, med sikte på eit større spekter av ulike arbeidsoppgåver og fleire arbeidsfelt for brukarane.
- Kostnadseffektiv drift.
- Styrkja kompetanse og utvikling av kjerneoppgåver i selskapet.
- Redusert risiko når etterspurnaden er variabel og/eller usikker.
- Nye enkeltinvesteringar som i sum er større enn 10 % av totalkapitalen skal selskapet leggja fram for og verta godkjent av generalforsamlinga.
- For dei investeringane som eigarane skal godkjenne, bør selskapet leggja fram utrekningar for ulike alternativ slik at eigar får god innsikt i både eit både hovudalternativ og mogelege andre alternativ.
- rapport pr. 30.04 og 31.08 kvart år. Tredje tertial er ein del av årsrapporten.
- Kompetanseområde styre: I. Bransjekompetanse II. Økonomisk kompetanse III. Juridisk kompetanse IV. Politisk kompetanse
- Eigarmøte minst to gonger i året, med referat til generalforsamling og styret til orientering

4. Fylkesrådmannen si vurdering

Hardanger AKS AS har i fleire år hatt ein svært krevjande økonomisk situasjon med stor gjeldstyingde og høge finanskostnader dei siste åra. Rekneskapan for 2017 viser eit overskot på 389.209 kroner. Sjølv om selskapet framleis har mykje gjeld, vurderer styret i selskapet og selskapet sin revisor at det er grunnlag for vidare drift.

Sjølv om det av ulike årsaker har teke lang tid å følgja opp dei tilrådde tiltaka i rapporten frå Deloitte, tyder gjennomgangen av eigarstrategiane til Kvam herad og Hordaland fylkeskommune at det no er på plass gode styringsverktøy for Hardanger AKS AS.

Som minoritetsaksjonær og passiv eigar i Hardanger AKS AS, er Hordaland fylkeskommune avhengig av eit godt samarbeid med dei andre aksjonærane for å koma i inngrep med styret sitt arbeid og den daglege drifta i selskapet. Frå 1. januar 2020 blir også den nye fylkeskommunen ei ny juridisk eining som vil erstatte dagens fylkeskommunar. Ei eiga prosjektgruppe har fått i oppgåve å gå gjennom dagens eigarskap i dei to fylkeskommunane, og ny eigarstrategi skal utviklast etter 1. januar 2020. Det er difor, etter fylkesrådmannen si meining, formålstenleg å slutta seg til eigarstrategien til Kvam herad. Eiga sak om dette kan leggjast fram for fylkesutvalet når kontrollutvalet har sagt seg nøgd med oppfølginga av Deloitte-rapporten.

Vedlegg:

1. Protokoll frå ordinær generalforsamling 16. mai 2018
2. Eigarstrategiar 2018-2019 Kvam Herad – saksframlegg 8. mai 2018
3. Eigarstrategiar 2018-2019 Kvam Herad